

Saksnummer: 201836836 - Salbu Produksjon AS - søknad om uttak av vatn frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatn i Hyllestad

Etter synfaringa 27 mai set vi att med fleire spørsmål enn svar. Difor sender vi inn desse spørsmåla til Salbu Produksjon AS som avtalt på synfaringa. Og forventer at Salbu Produksjon svara på dei spørsmåla vi ikkje har fått klarheit i.

Vi ynskjer direkte og så konkrete svar på kvar enkelt av punkta under! Eit samla svar for alle punkta vil ikkje bli godteke.

1. Blir det restreksjonar for utslepp frå gardsbruka og anna næring, eventuelt nye bustader/hytter som ligg ved vassdraget som renn ut til Ramsgrøvattenet?
2. Om det skulle komme til å bli eit brudd/kollaps i ein gjødselkum ved eit av gardsbruka i Høydal, vil den det gjelder bli stilt økonomisk ansvarlig for eit eventuelt utslepp/skade overfor Salbu Produksjon AS?
3. Blir Høydalsbrua forsterka eller utvida? (lysopning). Om «nei» kvifor ikkje?
4. Kan de garantere at Høydalsbrua kjem til å tåle eit eventuelt demmebrudd?
- 5 a. Korleis vil utbyggar legge om elva når dammen skal byggjast? b. Kor skal røyret legges? c. Skal det gravast under brua? d. Kva då med stabiliteten til fundamentet til brua (bru-karet)?
6. Kor mykje vil Ramsgrøvatnet bli tappa ned under utbygginga av demma?
7. Kva Kote kjem underkant fundament på? Det må vel senkast under den kota for å få jobbe med fundamenta? Kva då med vegen rundt Ramsgrøvatnet, kan det bli utsklidning når vatnet blir senka so mykje?
8. a. Er det fare for at vegen rundt Ramsgrøvatnet, Fv. 607, kan få setningar/utglidningar ved oppdemming og senking av vatn?
9. Blir det regulering av Høydalsvatnet og Høydalstjernet under utbygging av dammen i Ramsgrøvatnet?

10. Ved ispropp i snøsmeltingsfasen, kva løysningar og tiltak vil de gjere for å unngå skader på bru og veg?

11. Kva konsekvenser vil det få for trafikken på Høydalsvegen under utbyggingsperioden?

Ser fram til svar innen 3 veker.

Med venleg helsing

Roy-Erik Helgås Høydal , Kristine Helgås Høydal, Torleif Hauken, Inger
Hauken og Asbjørn Høydal.

Kontaktperson Kristine H. Høydal hoydalgard@eninvest.net